

PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I HELSE Førde

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Førde i møte den 27. oktober 2022, og har hatt følgjande samansetning:

- leiar: Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR
- nestleiar: Mariann Hundsnes, Fagforbundet
- medlem: Clarence Johnpillai, Den norske legeförening

Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunnngjerigar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 22. februar 2022
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 11. januar 2023
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 01. februar 2023
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: www.helse-vest.no

Kunnngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Førde er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 11. januar 2023 frå Den norske legeförening, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund, jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunnngjering om forholdstalsval i Helse Førde er utført elektronisk innan fastsette fristar.

Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. **Lena Thorsnes**, intensivsjukepleiar, Avdeling for Akuttmedisin, Kirurgisk klinikk, FSS. Føretakstillitsvald NSF frå 01.03.2021
2. **Randi Aven**, spesialhjelppeleiar Psykiatrisk klinikk Tronvik. Føretakstillitsvald Fagforbundet frå 01.02.2013
3. **Torfinn Heggland**, overlege Avdeling for Akuttmedisin, Kirurgisk klinikk, FSS. Vara føretakstillitsvald og Hovudtillitsvald FSS, Dnlf frå 01.01.2023.
4. **Kari Sunde Kvile**, sjukepleiar Kirurgisk sengepost, Kirurgisk klinikk, FSS. Vara føretakstillitsvald NSF frå 01.03.2021

Varamedlemmar:

5. **Sylvi Anne Birkeland**, hjelpepleiar ØNH poliklinikk FSS, verneombod.
6. **Ole Magnus Kapstad**, overlege Psykiatrisk klinikk, Psykisk Helsevern.
7. **Oddlaug Lyslo Vereide**, spesialsjukepleiar medisinsk avdeling NSH. Tillitsvald NSF Medisinsk avdeling NSH
8. **Andre Vindedal**, ambulansarbeidar, Lærdal ambulansestasjon, Kirurgisk Klinikk. Tillitsvald Fagforbundet ambulansetenesta

9. **Rune Tilseth**, overlege Medisinsk avdeling, FSS. Tillitsvald Medisinsk avdeling, FSS, Dnlf
10. **Sylvia Rygg**, sjukepleiar ANRR, Medisinsk klinikk, FSS. Hovudtillitsvald NSF Medisinsk klinikk, FSS

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Helse Førde ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Helse Førde sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for heile prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 23. februar 2023

Inger Johanne Sætenes
Inger Johanne Sætenes
Leiar

Clarence Johnpillai
Clarence Johnpillai
Medlem

Mariann Hundsnes
Mariann Hundsnes
Nestleiar